

Tabell 3-k

Anslag på frie inntekter i 2015. Kommunane

Tabell 3 viser anslag på vekst i frie inntekter for kommunane frå 2014 til 2015. Som frie inntekter reknast her skatt på inntekt og formue (inkl. naturressursskatt) og rammetilskot. Tabellen viser veksten etter anslag på rekneskap 2014. Alle tala er i nominelle kroner. Prisveksten i kommunesektoren i 2014–2015 er anslått til 3,0 pst.

Skatteinntektene, inkl. skatteutjamning, er den storleiken det er knytt mest uvisse til i veksten. Skatteinntektene blir anslått ut ifrå det samla skatteanslaget 2014 og 2015 for kommunane, og kommunane sine skatteinntekter i 2013. For skatt på inntekt og formue tek ein for kvar kommune utgangspunkt i skatt per innbyggjar i 2013, framskrive med innbyggjartalet i 2014. Ut ifrå skatt 2013 framskrive med innbyggjartal 2014, blir det rekna ut kva del som kvar kommune får av berekna samla skatt. Den delen blir nytta til å fordele samla skatteanslag på inntekt og formue mellom kommunane både for 2014 og 2015. Anslag på skatteutjamning er inkludert i skatteanslaget. For 2014 og 2015 er utjamninga i skatteinntektene for kommunane 60 prosent.

I berekninga blir naturressursskatten halde konstant, med tal frå inntektsåret 2012.

Tala for rammetilskot 2014 er henta frå nivået i revidert nasjonalbudsjett 2014. Rammetilskotet for 2014 er vist i tabell 1-k. Dei kommunevise anslaga på frie inntekter i 2014 og 2015 inkluderer ikkje tilbakehalde skjøn, og veksten i dei frie inntektene blir difor påverka av nivået på tilbakehalde skjøn i dei to åra. Tilbakehalde skjøn kjem i tabell 3-k fram som ufordelte midlar for alle fylke. Den berekna veksten på fylkesnivå blir difor ikkje påverka av nivået på tilbakehalde skjøn.

Sidan ein her går ut frå at skatteinntektene berre varierer med innbyggjartalet, vil avvik frå veksten på landsbasis berre skuldast endringar i rammetilskotet frå år til år.

For å gjere tala samanliknbare, noko som er ein føresetnad for å kunne berekne veksten, blir frie inntekter for 2014 korrigererte for eventuelle oppgåveendringar, regelendringar og innlemmingar av øyremerkte tilskot i 2015. I 2015 er summen av desse endringane -5 981 mill. kroner for kommunane. Korreksjonar i 2014 er vist i innleiinga til Grønt hefte. Alle oppgåvekorrigeringar er korrigererte på landsnivå, med unntak av korreksjon for uttrekk som følgje av redusert sats i DAA og auke i tilskotet til Bergen kommune og Hunstad skule.

Veksten i frie inntekter frå 2014 til 2015 blir berekna frå anslag på rekneskap for 2014. Ny informasjon om skatteinngangen etter revidert nasjonalbudsjett 2014 trekkjer i retning av lågare vekst i skatteinntektene til kommunesektoren i 2014 enn det som blei lagt til grunn då revidert nasjonalbudsjett for 2014 blei lagt fram. Skatteanslaget for kommunane for 2014 er nedjustert med 750 mill. kroner samanlikna med nivået i revidert nasjonalbudsjett. Skatteanslaget for 2015 (skatt på inntekt og formue) er 145,3 mrd. kroner. Inntektsveksten frå 2014 til 2015, rekna frå anslag på rekneskap, er nominelt 4,8 prosent.

Kolonne 1 – Anslag på frie inntekter i 2014

Kolonne 1 viser anslag på rekneskap for frie inntekter i 2014. Anslag på rammetilskotet til kommunane, eksklusive skatteutjamning, er henta frå revidert nasjonalbudsjett 2014. Skatteinntektene er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2015 som ligg i nasjonalbudsjettet for 2015, med lik vekst for alle kommunar. I forhold til skatteanslaget i revidert nasjonalbudsjett 2014 inneber dette ei nedjustering på 438 mill. kroner.

Kolonne 2 – Anslag på oppgåvekorrigerede frie inntekter i 2014

Inntektene i kolonne 2 er anslag på rekneskap korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og innlemming av øyremerkte tilskot. Det er teke utgangspunkt i det same anslaget som i kolonne 1. Oppgåveendringane det er korrigerede for er omtalt nærare i tabell B-k og C-k.

Kolonne 3 – Anslag på frie inntekter i 2015

Kolonne 3 viser anslag på frie inntekter i 2015. Anslag på rammetilskotet til kommunane, eksklusive skatteutjamning, er henta frå kolonne 9 i tabell 1-k. Ved berekninga av anslaget på skatteinntektene til kommunane, har departementet teke utgangspunkt i kommunane sine skatteinntekter i 2013. Desse er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2014 og 2015, som ligg inne i nasjonalbudsjettet for 2015. Skatteanslaget for kvar kommune er deretter lagt til grunn for berekninga av skatteutjamninga.

Kolonne 4 – Anslag på korrigert vekst frå 2014 til 2015

Kolonne 4 viser anslag på oppgåvekorrigert vekst i frie inntekter frå anslag på rekneskap 2014 til 2015 for kvar kommune i 1 000 kroner (kol. 3 – kol. 2).

Kolonne 5 – Anslag på korrigert vekst i prosent frå 2014 til 2015

Kolonne 5 viser prosentvis oppgåvekorrigert vekst frå anslag på rekneskap 2014 til 2015.